



Liavatnet.

Rute og ymse av interesse

Terreng: Bygdeveg, traktorveg, sti. Småkupert med nokre bratte parti.

Tid: 1 1/2 - 2 timar.

Om Eikangervassdraget:

På veg nordover, - eller sørover langs E39 gjennom Lindås passerer du fleire av dei større vassdraga i kommunen. Eit av desse er Eikangervassdraget, det lengste i Lindås. Vassdraget strekkjer seg frå Eikangervåg ved Osterfjorden til Vikavatnet, - om lag ei mil i nordvestleg retning inn i landet.

Vassdraget har eit nedslagsfelt på omlag 24 km², men med ein høgdeforskjell på berre 24 meter frå inste vatnet til sjøen, finn ein ikkje dei dramatiske fossar og stryk som i vassdrag lenger aust i kommunen.

Langs vassdraget, mellom Eikanger og Høyland, har grunneigarar dei siste åra lagt ned eit stort arbeid med å tilretteleggja området for friluftsliv og turgåing.

Along the watershed between Eikanger and Høyland the farmers have invested considerable resources in recent years to improve the area for nature walks and other outdoors activities.

Route and places of interest

Terrain: Local road, tractor roads and trail. Gently broken country with some inclines.

Time: 1 + - 2 hours.

About the Eikanger Watershed:

Going north (or south) along E39 through Lindås, you will pass several of the major watersheds in the district. Eikangervassdraget, the longest of them, leads from Eikangervåg by Osterfjorden to Vikavatnet, a distance of more than 10 km into the centre of the Lindås peninsula.

The watershed has an area of some 24 km², but the elevation of Vikavatnet is only 24 metres above the sea. For this reason there are no dramatic waterfalls or rapids such as found in the rivers in the east part of the municipality.

Still, the Eikanger Watershed offers you a variety of memorable outdoors experiences. The lower reaches of the watershed are home to an abundance of sea trout (and some salmon), while freshwater trout and char are dominant in the upper parts above Høylandsstemma. Eel can be found throughout the watershed. If you want to go fishing here, fishing licences can be obtained in most shops and petrol stations in the area, or at the Tourist Office in Knarvik.

The municipality and the state have financially supported the construction of several new bridges across the river, notably a 40-metre suspension bridge across the narrows between the Øvre- and Nedre Torrvatnet (Upper and Lower Torv Lake).

In the old days these watersheds were an important part of the local economy. Hunting and fishing added to the food supply, and the lakes were major routes of transport for feed and timber, either in boats in the summer or on sleds on the winter ice. The waterfalls provided power for the automation of heavier work, and along most brooks and rivers you find the remains of old water-powered querns and sawmills. The larger watersheds supported small power stations supplying electricity to nearby farms and homes. There were two of these in the Eikanger watershed, one at Høyland and one at Eikanger. They were built about a century ago and you can still see the foundations.

Eikangervåg (1) was the local centre in this part of the Lindås district. Here was the school, the post office, shops, meeting hall and, in more recent times, minor industry as well. From early on there was a daily steamship to Bergen, replaced by buses as the roads improved. By the



Eikangervassdraget byr likevel på mange fine opplevingar. Vassdraget er fiskerikt, med sjøaure (og ein og annan laks) i dei nedste delane og aure og røy ovanfor Høylandsstemma. Ål finst i heile vassdraget. Ønskjer du å fiska i vassdraget er det råd å kjøpa fiskekort i butikkar og bensinstasjonar i området, - eller på turistkontoret i Knarvik.

Med støtte frå kommune og stat er det bygd fleire bruer over elva, mellom anna ei hengebru på omlag 40 meter over eidet mellom Øvre- og Nedre Torrvatnet.

I tidlegare tider var vassdraga ein viktig ressurs i bygdene. Dei vart nytta til matauk gjennom fiske og jakt, som ferdselsveg for folk med båt eller over isen, føringsveg for tømmer og for fôr til dyra. Fossane var og utgangspunkt for mekaniseringa av tunge arbeidsoppgåver. Langs dei fleste elver og bekkefar finst det restar av kvernhus, møller og vassdrivne sagbruk. I større vassdrag kom det og små kraftverk som gav lys i heimane i nærområdet utover på 1900-talet. Slik også i Eikangervassdraget. Ved utløpet av elva står enno restane etter fundamentet for generatoren i Eikanger bygdekraftverk.

Eikangervåg (1) var sentrum for bygdene i denne delen av kommunen. Her fans post, butikk, skule, forsamlingshus og mindre verksemder av ymse slag, - og etter kvart litt småindustri. Staden hadde tidleg rutesamband med Bergen. Først med båt, seinare då vegane vart betre, med buss. Nede ved elveosen ligg eit fint naustmiljø med fleire gamle tømra naust. Her er det og råd å studera vegbyggingkunsten til Nordhordlendingane.

Parkering ved Eikanger skule eller ved Li.

Frå parkeringsplassen ved skulen (2) kan turen leggjast nord-vestover langs bygdevegen til utløpet av elva frå Liavatnet (3). Her kryssar veggen elva og held fram på bygdeveg og etterkvart traktorveg oppover på vestsida av Liavatnet mot Eikevoll (4).

Heldt du fram langs Liavatnet, møter du etterkvart «villmarka» og bekken frå nedre Torrvatnet (5). I denne bekken hadde gardane på Li kverna si (6) Stien som kryssar elva her (7) og går opp til parkeringsplassen ved garden Li (8), ber namnet «Kvednastien» den dag i dag. Hit vart kornet frakta med båt opp frå Liavatnet, eller bore på ryggen ned og oppatt Kvednastien.

Vel du å fortsetja eit stykke til, kjem du til nedre Torrvatnet. Her har grunneigarane, skulen og kommunen laga til ein idyllisk rasteplass (9) ved vatnet. Kan hende du møter skuleborn som badar, fiskar eller driv med ymse læringsaktivitetar her. Skuleborna og foreldra deira har og gjort stor innsats for å rydda stien du no går på. Øvre og nedre Torrvatnet er skilt med eit breitt sumpområde, som tidlegare var vanskeleg å kryssa. Her er det bygd ei hengebru (10) over til austsida slik at du kan kryssa vassdraget og returnera til Li (8)

Frå Li (11) er det vakker utsikt over Eikangerbygda. Du følgjer veggen tilbake til parkeringsplassen.

God tur!

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som følgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

river-mouth there is an excellent collection of old boathouses, some of them of hand-hewn timber. The road nearby tells of engineering skills in Nordhordland in the old days.

You start from the parking area by the school (2) and proceed along the local road in a northwesterly direction to the river outlet from Liavatnet (3). The road crosses the river at this point and you continue on the west side of Liavatnet until you reach Eikevoll (Oak Hill) (4).

You proceed along Liavatnet, and soon enter the local "wilderness" where you encounter the brook from Nedre Torrvatnet (5). The farmers at Li had an old quern (6) by this brook. After a short distance, the path, which until this day is called Quern Trail, crosses the river (7) and goes up to the parking area at Li Farm (8). Grain was transported across Liavatnet to this point where it was shouldered for the trip to the quern.

If you decide to continue, you soon reach Nedre Torrvatnet where the local farmers, the municipality and the school have created an idyllic picnic area (9) by the lake. Do not be surprised to find schoolchildren taking a swim, fishing or being busy with some educational task. The schoolchildren and their parents have also contributed to this project, among other things by clearing the trail you are using. A swampy area previously very hard to cross separates upper and Lower Torrvatnet. There is a suspension bridge (10) here now so that you can cross the watershed and return to Li (8).

Follow the road back to the parking place.

Have a good walk!